

MØTEBOK

| | |
|-----------------|-----------------------------|
| Organ | Kontrollutvalet |
| Møtestad | Storehagen 1B, Førde |
| Møtedato | 07.10.2016 |
| Kl. | 12:00 – 16:30 |

Faste medlemmer til stades: Frank Willy Djuvik, Odd Atle Stegegjerdet, Klaus Iversen, Lise-May Sæle

Forfall til møtet: Jorunn Ringstad (forfall meldt 7.10.16)

Varamedlemmer til stades:

Til stades med møte- og talerett: Fylkeskommunen: Fylkesrådmann Tore Eriksen, assisterende fylkesrådmann Paal Fosdal

SF revisjon IKS: Marianne Vara

Deloitte AS: Gunnar Husabø

Sekretariat for møtet: Einar Ulla

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Opent møte.

Møtebok frå 25.08.2016 vart godkjend utan merknader.

SAK 43/16 Plan for forvaltningsrevisjon 2016 - 2020

Dette gir følgjande VEDTAK:

Kontrollutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkestinget vedtek Plan for forvaltningsrevisjon 2016 – 2020 slik den ligg føre.
-

SAK 44/16 Plan for selskapskontroll 2016 - 2020

**Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gje slik tilråding:
Kontrollutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Fylkestinget vedtek Plan for selskapskontroll 2016 – 2020 slik den ligg føre.

Endringsframlegg frå Frank Willy Djuvik:

1. Fylkestinget vedtek Plan for selskapskontroll 2016 – 2020 med endringa i punkt 2.

Nytt pkt. 2

Selskapskontroll vert utført i denne prioriterte rekkjefølgja

1. Overordna eigarstyring
2. Sogn og Fjordane Teater LL
3. Trivselshagen IKS
4. VIGO IKS

Avrøysting:

Endringsframlegget vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande VEDTAK:

Kontrollutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkestinget vedtek Plan for selskapskontroll 2016 – 2020 med endringa i punkt 2.
 2. Selskapskontroll vert utført i denne prioriterte rekkjefølgja
 1. Overordna eigarstyring
 2. Sogn og Fjordane Teater LL
 3. Trivselshagen IKS
 4. VIGO IKS
-

SAK 45/16 Oppfølgingsliste 6-2016

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Oppfølgingsliste 6-2016 vert teken til vitande

SAK 46/16 Skriv, meldingar og orienteringar kontrollutvalet 7. oktober 2016 - ny utsending

Følgjande skriv, meldingar og orienteringar vart handsama i møtet:

1. Status forvaltningsrevisjon v/Deloitte AS
 - a. Kulturminneforvaltninga i Sogn og Fjordane fylkeskommune

Deloitte melder om at prosjektet vert forseinka på grunn av e-postar som ikkje har kome fram som følgje av spam-filter i fleire kommunar. Rapporten vert sendt til høyring i slutten av oktober.

2. Orientering etter representantskapsmøtet i Trivselshagen IKS v/Klaus

Orienteringa vart teken til vitande.

3. Tertialrapport 2/2016

Tertialrapport 2/2016 vart teken til orientering.

4. Ny kommunelov – NOU 2016:4 – Høyringar

Høyringane vart tekne til orientering.

5. Orientering frå leiar og kontrollsjef

- a. Kontrollsjef orientert om generalforsamling i F1 Holding 28.06.2016. Orienteringa vart teken til vitande.
- b. NKRF arrangerer kurs i offentlege anskaffelser 25. – 26. oktober. Kontrollutvalet vedtok at leiar i utvalet i tillegg til kontrollsjef skal delta på kurset.
- c. Nestleiar i utvalet, Odd Atle Stegegjerdet deltek på eit kurs i Styrekompetanse 1, eit desentralt BI-kurs. Kontrollutvalet vedtok å dekke utgifter til reise, opphald og studiemateriell. Odd Atle Stegegjerdet var inhabil og deltok derfor ikkje i handsaming av sak 46/16, pkt. 5c.
- d. Leiaren i utvalet orienterte om mottatt epost frå Stein Malkenes, MDG. Leiar svarer Malkenes med vedtak i sak 47/16.

SAK 47/16 Forvaltningsrevisjon - Anskaffing av advokat- og rådgjevingstenester i "Fjord1-saka"

**Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gje slik tilråding:
Kontrollutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Fylkestinget tek rapporten etter gjennomført forvaltningsrevisjon av anskaffinga av advokat- og rådgjevingstenester i Fjord1-saka til etterretning.
2. Fylkestinget ber kontrollutvalet gjennomføre forvaltningsrevisjon av innkjøp der det vert lagt vekt på vurdering av rutinar, kompetanse, konkurranseutsetting og kontrollaktiviteter ved fylkeskommunale innkjøp i forhold til gjeldande lov- og regelverk.

Endringsframlegg som kom fram i møtet:

Nytt punkt 2:

Etter gjennomgang og vurdering av opplysningar i saka opp mot reglane for offentlege anskaffingar er det Fylkestinget si vurdering at Sogn og Fjordane fylkeskommune, ved fylkesrådmannen, har kjøpt tenester frå både DHT og Wiersholm utan at reglane for offentlige innkjøp er følgt. Fylkestinget meiner at dei overordna føresegnene i Lov om offentlege anskaffingar §5 er broten i 6 av 7 tilfelle, og at brot på forskrift om offentlege anskaffingar, og gjennom dette ulovleg direkteanskaffing, er gjennomført ved engasjering av Wiersholm i samband med «Juridisk bistand med lovlegkontroll, jf. kommuneloven § 59»

Opphavleg punkt 2 vert nytt punkt 3.

Avrøysting:

Tilrådinga i tillegg til endringsframlegget vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande VEDTAK:

Kontrollutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkestinget tek rapporten etter gjennomført forvaltningsrevisjon av anskaffinga av advokat- og rådgjevingstenester i Fjord1-saka til etterretning.
2. Etter gjennomgang og vurdering av opplysningar i saka opp mot reglane for offentlege anskaffingar er det Fylkestinget si vurdering at Sogn og Fjordane fylkeskommune, ved fylkesrådmannen, har kjøpt tenester frå både DHT og Wiersholm utan at reglane for offentlige innkjøp er følgt. Fylkestinget meiner at dei overordna føresegnene i Lov om offentlege anskaffingar §5 er broten i 6 av 7 tilfelle, og at brot på forskrift om offentlege anskaffingar, og gjennom dette ulovleg direkteanskaffing, er gjennomført ved engasjering av Wiersholm i samband med «Juridisk bistand med lovlegkontroll, jf. kommuneloven § 59»
3. Fylkestinget ber kontrollutvalet gjennomføre forvaltningsrevisjon av innkjøp der det vert lagt vekt på vurdering av rutinar, kompetanse, konkurranseutsetting og kontrollaktiviteter ved fylkeskommunale innkjøp i forhold til gjeldande lov- og regelverk.
